



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Teknisk utval  
**Møtestad:** Ulstein rådhus, kommunestyresalen  
**Dato:** 13.06.2019  
**Tid:** Kl. 09:00

---

<b>Medlemmar som møtte</b>	<b>Representerer</b>	<b>Funksjon</b>
Magne Olav Gurskevik	Ap	medlem
Alf Johan Antonsen	Frp	leiar
Kari Hildre Warholm	H	medlem
Kristin Opsahl Myrene	Sp	nestleiar
Hannelore Måseide	V	medlem

<b>Forfall</b>	<b>Representerer</b>	<b>Varamedlem</b>	<b>Representerer</b>
Hanne Notøy	Ap	Steven P. Karunasamy	
Odd Arne Vikebakk	KrF	Olav Sæter	

### Andre som møtte

Amanda Låbakk, ungdomsrådet  
Andreas Sundgot, ungdomsrådet  
Anita Sundnes, administrasjonen  
Arne Runar Vik, administrasjonen  
Odd Kåre Wiik, administrasjonen  
Peder Arne Almedal, administrasjonen  
Renate Pedersen, administrasjonen  
Steinar Nummedal, administrasjonen

<b>Inhabile</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande vara møtte</b>	<b>Merknadar</b>
Hannelore Måseide	56/19	,	

### Underskrifter:

Kari Warholm

Hannelore Måseide

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
47/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/10327
48/19	Godkjenning av protokoll	19/10327
49/19	Orienteringar	19/10327
50/19	Referatsaker	19/10327
1	Vedtak i klagesak - garasje gnr 5 bnr 4	19/10326
2	Tilsyn - Ulstein kommune brann og feiarvesenet	19/10376
3	Rapport - delegerte vedtak mai 2019	19/10327
51/19	Delegerte saker	19/10327
52/19	Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Ulstein kyrkje	19/10015
53/19	Søknad dispensasjon avkøyrsløse - Prost Ankers gate 20	19/10018
54/19	Tertialrapport 1. tertial 2019	19/10164
55/19	Parallelløpdrag Sentrum - Ulshaugen - Høsekerdalen -Løyving midlar	19/10243
56/19	Bustadhus med integrert garasje - Lånagjerde 10 - Gnr 8 bnr 187	19/10022

Ulsteinvik, 13.06.2019

#### **47/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:**

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknad.

#### **48/19 Godkjenning av protokoll**

**Vedtak:**

Protokollen frå møtet 9.5.2019 vart godkjend utan merknad.

#### **49/19 Orienteringar**

**Vedtak:**

Orienteringane vart tekne til vitende.

**Behandling:**

Brukarundersøking byggesak 2018 ved Anita Sundnes

Ungdata ved Renate Pedersen, Andreas Sundgot (ungdomsrådet), Amanda Låbakk (ungdomsrådet)

Vassforsyninga i Ulstein ved Odd Kåre Wiik

#### **50/19 Referatsaker**

**Vedtak:**

Arne Runar Vik orienterte spesielt om rapporten frå Arbeidstilsynet om tilsyn ved brannstasjonen i Ulsteinvik.

Referatsakene vert tekne til vitende.

## **1 Vedtak i klagesak - garasje gnr 5 bnr 4**

## **2 Tilsyn - Ulstein kommune brann og feiarvesenet**

## **3 Rapport - delegerte vedtak mai 2019**

### **51/19 Delegerte saker**

#### **Vedtak:**

Delegerte saker vart tekne til vitende.

#### **Behandling:**

Det vart lagt fram liste over delegerte vedtak frå førre møte og til 28.5.2019.

### **52/19 Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Ulstein kyrkje**

#### **Vedtak:**

Teknisk utval legg framlegg til detaljregulering for Ulstein kyrkje med føresegner, planID 20150002, ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

Med vising til «Miljøkravspesifikasjon ved bygging av nye kyrkjer i Den Norske kirke», pkt. 3, 4, 5 og 6, må slike krav konkret ivaretakast i den endelege planutforminga gjennom integrerte løysingar for aktiv bruk av solenergi.

Formulert som tillegg i nemnde paragraf slik: .... Og konkrete løysingar for solenergifangst skal integrerast i byggeprosjektet.

#### **Behandling:**

##### **Framlegg frå Magne Gurskevik, tillegg til reguleringsføresegnene § 5:**

Med vising til «Miljøkravspesifikasjon ved bygging av nye kyrkjer i Den Norske kirke», pkt. 3, 4, 5 og 6, må slike krav konkret ivaretakast i den endelege planutforminga gjennom integrerte løysingar for aktiv bruk av solenergi.

Formulert som tillegg i nemnde paragraf slik: .... Og konkrete løysingar for solenergifangst skal integrerast i byggeprosjektet.

#### **Røysting:**

Tilrådinga vedteken med røystetal 7-0-

Framlegget frå Magne Gurskevik vart vedteke med røystetal 7-0.

## **Kommunalsjef teknisk si tilråding:**

Teknisk utval legg framlegg til detaljregulering for Ulstein kyrkje med føresegner, planID 20150002, ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

### **53/19 Søknad dispensasjon avkøyrsla - Prost Ankers gate 20**

#### **Vedtak:**

- A. Med vising til plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, gjev teknisk utval dispensasjon frå

§ 4.2, bokstav c, i føresegnene til arealdelen i kommuneplanen for 2019-2031 ad krav til utflating for avkøyrsla frå kommunal veg.

- B. Føresetnaden for å kunne gje dispensasjon er at;
1. Avkøyrsla skal ikkje ha stigning brattare enn 1:8.
  2. Avkøyrsla skal ha utflating minst 2 meter inn frå vegkant/tomtegrense mot Prost Ankers gate, og med maksimal stigning 1:25.
  3. Avkøyrsla må oppfylle krava til siktsone for avkøyrslar.
- C. Grunngevinga for å kunne gje dispensasjonen er at;
1. Det ligg føre overvekt av grunnar for at dispensasjon kan gjevast i denne konkrete saka. Dispensasjonen fører ikkje til vesentleg tilsidesetting av dei omsyna § 4.2, bokstav c, i føresegnene til arealdelen i kommuneplanen for 2019-2031 er meint å ta i vare, jf. pbl § 19-2.
- D. Sjølve byggesaka kan handsamast vidare administrativt.

#### **Behandling:**

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med røystetal 7-0.

#### **Tilråding frå kommunalsjef teknisk**

- A. Med vising til plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, gjev teknisk utval dispensasjon frå

§ 4.2, bokstav c, i føresegnene til arealdelen i kommuneplanen for 2019-2031 ad krav til utflating for avkøyrsla frå kommunal veg.

- B. Føresetnaden for å kunne gje dispensasjon er at;

1. Avkøyrsla skal ikkje ha stigning brattare enn 1:8.
2. Avkøyrsla skal ha utflating minst 2 meter inn frå vegkant/tomtegrense mot Prost Ankers gate, og med maksimal stigning 1:25.
3. Avkøyrsla må oppfylle krava til siktsone for avkøyrslar.

C. Grunngevinga for å kunne gje dispensasjonen er at;

1. Det ligg føre overvekt av grunnar for at dispensasjon kan gjevast i denne konkrete saka. Dispensasjonen fører ikkje til vesentleg tilsidesetting av dei omsyna § 4.2, bokstav c, i føresegnene til arealdelen i kommuneplanen for 2019-2031 er meint å ta i vare, jf. pbl § 19-2.

D. Sjølve byggesaka kan handsamast vidare administrativt.

## 54/19 Tertialrapport 1. tertial 2019

**Vedtak:**

**Uttale frå teknisk utval:**

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapport for 1.tertial 2019.
2. Budsjettmidlar overførast frå ansvar 1528 Servicetorget til ansvar 1011 etter tabellen under:

	<b>Ansvar</b>	
	<b>1528</b>	<b>1011</b>
<b>Løn/pensjon/arb.g.avg.</b>	<b>-351 000</b>	<b>351 000</b>
<b>Informasjon</b>	<b>-150 000</b>	<b>150 000</b>
<b>Inng.mva</b>	<b>-37 500</b>	<b>37 500</b>
<b>Ref. mva</b>	<b>37 500</b>	<b>-37 500</b>

3. Leirskulemidlane på 500.000 som ligg på ansvar 2093 Administrasjon oppvekst fordelast på skulane etter tabellen under:

<b>Skule</b>	<b>Beløp</b>
<b>Haddal</b>	<b>kr 32 110</b>
<b>Hasund</b>	<b>kr 128 441</b>
<b>Ulstein</b>	<b>kr 36 697</b>
<b>Ulsteinvik</b>	<b>kr 302 752</b>

4. Bundne fond på konto 25599002 veg Eika på kr. 52.772,85 nyttast til å auke vegvedlikehaldsbudsjettet.
5. Kr. 130.000 + mva av investeringsbudsjettet for oppgradering av leikeområde skular, omdisponerast til å investere i ein oppgradering av uteområdet ved Sundgotmarka barnehage.
6. Kr. 400.000 av «SSIKT – investeringsbudsjett 2019» omdisponerast til å investere i gangbru over Sauneselva. Resterande beløp (kr. 1.806.250) nyttast til

ekstraordinær nedbetaling av lån.

**Behandling:**

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

**Rådmannen si tilråding:**

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapport for 1.tertial 2019.
2. Budsjettmidlar overførast frå ansvar 1528 Servicetorget til ansvar 1011 etter tabellen under:

	<b>Ansvar</b>	
	<b>1528</b>	<b>1011</b>
<b>Løn/pensjon/arb.g.avg.</b>	<b>-351 000</b>	<b>351 000</b>
<b>Informasjon</b>	<b>-150 000</b>	<b>150 000</b>
<b>Inng.mva</b>	<b>-37 500</b>	<b>37 500</b>
<b>Ref. mva</b>	<b>37 500</b>	<b>-37 500</b>

3. Leirskulemidlane på 500.000 som ligg på ansvar 2093 Administrasjon oppvekst fordelast på skulane etter tabellen under:

<b>Skule</b>	<b>Beløp</b>
<b>Haddal</b>	<b>kr 32 110</b>
<b>Hasund</b>	<b>kr 128 441</b>
<b>Ulstein</b>	<b>kr 36 697</b>
<b>Ulsteinvik</b>	<b>kr 302 752</b>

4. Bundne fond på konto 25599002 veg Eika på kr. 52.772,85 nyttast til å auke vegvedlikehaldsbudsjettet.
5. Kr. 130.000 + mva av investeringsbudsjettet for oppgradering av leikeområde skular, omdisponerast til å investere i ein oppgradering av uteområdet ved Sundgotmarka barnehage.
6. Kr. 400.000 av «SSIKT – investeringsbudsjett 2019» omdisponerast til å investere i gangbru over Sauneselva. Resterande beløp (kr. 1.806.250) nyttast til ekstraordinær nedbetaling av lån.

**55/19 Parallelloppdrag Sentrum - Ulshaugen - Holsekerdalen -Løyving midlar**

**Vedtak:**

**Uttale frå teknisk utval:**

Ulstein kommunestyre godkjenner at det vert starta opp eit arbeid for å klargjere strategiar og få fram idéar og løysingsforslag for framtidig utvikling av Ulsteinvik sentrum, Ulshaug-området og del av Holskerdalen i form av eit parallelloppdrag som skissert i saksframlegget. Arealmessig avgrensing skal vere om lag som vist i kartskisse vedlagt saka datert 23.05.2019.

Samla økonomisk ramme for parallelloppdraget vert 2 mill. kr der minst 50 % er føresett å kome frå eksterne midlar. Kommunal andel for 2020 vert innarbeidd som tiltak i økonomiplan/budsjett for 2020.

I parallelloppdraget bør vurdering av funksjonane på Alvehaugen innlemmast, og at ein også bør leggje opp til at det skal vere høve til eigarseksjonar i omsorgsbustadane.

**Behandling:**

**Framlegg frå Kari Warholm som tillegg til tilrådinga:**

I parallelloppdraget bør vurdering av funksjonane på Alvehaugen innlemmast, og at ein også bør leggje opp til at det skal vere høve til eigarseksjonar i omsorgsbustadane.

**Røysting:**

Framlegget frå rådmannen vart vedteke med 7-0 røyster.

Framlegget om tillegg frå Kari Warholm vart vedteke med 7-0 røyster.

**Rådmannen si tilråding:**

Ulstein kommunestyre godkjenner at det vert starta opp eit arbeid for å klargjere strategiar og få fram idéar og løysingsforslag for framtidig utvikling av Ulsteinvik sentrum, Ulshaug-området og del av Holskerdalen i form av eit parallelloppdrag som skissert i saksframlegget. Arealmessig avgrensing skal vere om lag som vist i kartskisse vedlagt saka datert 23.05.2019.

Samla økonomisk ramme for parallelloppdraget vert 2 mill. kr der minst 50 % er føresett å kome frå eksterne midlar. Kommunal andel for 2020 vert innarbeidd som tiltak i økonomiplan/budsjett for 2020.

**56/19 Bustadhus med integrert garasje - Lånagjerde 10 - Gnr 8 bnr 187**

**Vedtak:**

- A. Teknisk utval gir dispensasjon frå reguleringsplan for Felt H, PlanID 19780001 § 7 for takform. Det er i samsvar med dagens byggeskikk å føre opp hus med flate tak. Det er heller ikkje vanleg å stille krav om at alle hus innafor eit felt skal vere like. Det vert oppfatta som at dispensasjonen ikkje set vesentleg til side føresegna det vert dispensert frå eller lova sitt hovudformål. Fordelane med dispensasjonen er klart større enn ulempene ved at tiltakshavar får bygge det huset ein ønskjer, og ved at naboane får mindre utsiktstap ved omsøkt hus enn det ein elles kunne fått ved tilsvarande hus med mønetak.
- B. Teknisk utval gir også dispensasjon frå utnyttingsgrad slik at prosjektet kan gjennomførast med 24,5% BYA. Dispensasjon vert gjort med vising til etablert kommunal praksis på at tomter i bustadfelt i alle deler av



kommunen blir gitt dispensasjon for bygging med inntil 30% BYA. Jf. kommuneplanen §7.

- C. Teknisk utval finn ikkje å kunne imøtekomme nabomerknad. Dette fordi ein finn at huset er plassert innanfor byggegrensene som er sett i reguleringsplanen, vidare vert det vist til at det er teke omsyn til nabo ved at bygget har fått ei terrassert utforming og at tiltakshavar har imøtekomme merknaden noko ved heile bygningen er senka med 25 cm.
- D. Søknaden om rammeløyve til oppføring av bustadhus med integrert garasje vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 21-4.
- E. Følgande dokument ligg til grunn for godkjenninga:
  - 1. Situasjonsplan, udatert.
  - 2. Fasadeteikningar, daterte 02.04.2019
  - 3. Plan- og snitt-teikningar 15.05.2019
  - 4. Perspektivteikningar, udaterte
  - 5. Terrengsnitt, udatert.
- F. Ny avkøyrsløse frå kommunal veg, som vist på situasjonsplan, inregistert 15.05.2019, vert godkjent i samsvar med veglova §§ 40-43.

Løyve vert gjeve på følgande vilkår:

- 1. Avkøyrsla til offentleg veg skal ha frisisone med storleik 4 meter inn frå vegkant og 30 meter langs tilkomstvegen. Fartsnivå 40 km/t er lagt til grunn for dette kravet. Siktsona skal ikkje ha murar eller andre hinder for fri sikt med større høgde enn 0,5 meter over vegbana.
- 2. Avkøyrsla skal utformast i tråd med kommuneplanen sine føresegner § 4.2. Avkøyrsla skal ikkje ha større stigning/fall enn 1:8, med utfleting på 1:25 dei siste 5 m mot kommunal veg. Prinsippskisse for utforming av avkøyrslar kan fåast ved å ta kontakt med kommunen.

G. Det vert sett følgande vilkår i saka:

- 1. Eigedomen skal knytast til offentleg vassforsyning og avløp. Tilknyttinga til vatn og avløp må på førehand avklarast med driftsavdelinga på teknisk etat.
- 2. Utbyggjar må sjølv koste framføring av vatn- og avløpsleidning frå bygget til planlagt tilknytingspunkt til kommunalt nett.
- 3. Utbyggjar må sjølv koste eventuelle omleggingar av kommunalt VA-anlegg dersom tiltaket kjem i konflikt med dette.
- 4. Gebyr for sakshandsaming og eventuelle tilknytingsavgift må betalast innan forfall.
- 5.
- A. Før igangsettingsløyve vert gjeve må det i lag med søknaden innleverast følgande:
  - 1. Erklæring om ansvarsrett innanfor alle nye fagområde.

2. Revidert gjennomføringsplan, jf. SAK10 § 5-3.

- A. Er ikkje arbeidet sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

*Dette løyvet og dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen*

**Inhabile**

Hannelore Måseide

**Følgjande vara møte**

**Merknader**

**Behandling:**

Hannelore Måseide reiste spørsmål om sin habilitet i sak om utbygging i Lånagjerdet 10, utvalet fann henne ugild pga. at ho er gjenbuar til tiltaket og har fått nabovarsel.

**Røysting:**

Tilrådinga frå kommunalsjef vart vedteken med røystetal 6-0.

**Kommunalsjef teknisk si tilråding:**

- A. Teknisk utval gir dispensasjon frå reguleringsplan for Felt H, PlanID 19780001 § 7 for takform. Det er i samsvar med dagens byggeskikk å føre opp hus med flate tak. Det er heller ikkje vanleg å stille krav om at alle hus innafor eit felt skal vere like. Det vert oppfatta som at dispensasjonen ikkje set vesentleg til side føresegna det vert dispensert frå eller lova sitt hovudformål. Fordelane med dispensasjonen er klart større enn ulempene ved at tiltakshavar får bygge det huset ein ønskjer, og ved at naboane får mindre utsiktstap ved omsøkt hus enn det ein elles kunne fått ved tilsvarande hus med mønetak.
- B. Teknisk utval gir også dispensasjon frå utnytingsgrad slik at prosjektet kan gjennomførast med 24,5% BYA. Dispensasjon vert gjort med vising til etablert kommunal praksis på at tomter i bustadfelt i alle deler av kommunen blir gitt dispensasjon for bygging med inntil 30% BYA. Jf. kommuneplanen §7.
- C. Teknisk utval finn ikkje å kunne imøtekomme nabomerknad. Dette fordi ein finn at huset er plassert innanfor byggegrensene som er sett i reguleringsplanen, vidare vert det vist til at det er teke omsyn til nabo ved at bygget har fått ei terrassert utforming og at tiltakshavar har imøtekomme merknaden noko ved heile bygningen er senka med 25 cm.
- D. Søknaden om rammeløyve til oppføring av bustadhus med integrert garasje vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 21-4.
- E. Følgande dokument ligg til grunn for godkjenninga:

1. Situasjonsplan, udatert.
2. Fasadeteikningar, daterte 02.04.2019
3. Plan- og snitt-teikningar 15.05.2019
4. Perspektivteikningar, udaterte
5. Terrengsnitt, udatert.

F. Ny avkøyrsløse frå kommunal veg, som vist på situasjonsplan, innregistrert 15.05.2019, vert godkjent i samsvar med veglova §§ 40-43.

Løyve vert gjeve på følgande vilkår:

1. Avkøyrsløse til offentleg veg skal ha frisisiktsone med storleik 4 meter inn frå vegkant og 30 meter langs tilkomstvegen. Fartsnivå 40 km/t er lagt til grunn for dette kravet. Siktsona skal ikkje ha murar eller andre hinder for fri sikt med større høgde enn 0,5 meter over vegbana.
2. Avkøyrsløse skal utformast i tråd med kommuneplanen sine føresegner § 4.2. Avkøyrsløse skal ikkje ha større stigning/fall enn 1:8, med utflating på 1:25 dei siste 5 m mot kommunal veg. Prinsippskisse for utforming av avkøyrsløser kan fåast ved å ta kontakt med kommunen.

G. Det vert sett følgande vilkår i saka:

1. Eignedomen skal knytast til offentleg vassforsyning og avløp. Tilknyttinga til vatn og avløp må på førehand avklarast med driftsavdelinga på teknisk etat.
2. Utbyggar må sjølv koste framføring av vatn- og avløpsleidning frå bygget til planlagt tilknytingspunkt til kommunalt nett.
3. Utbyggar må sjølv koste eventuelle omleggingar av kommunalt VA-anlegg dersom tiltaket kjem i konflikt med dette.
4. Gebyr for sakshandsaming og eventuelle tilknytingsavgift må betalast innan forfall.

5.

A. Før igangsettingsløyve vert gjeve må det i lag med søknaden innleverast følgande:

1. Erklæring om ansvarsrett innanfor alle nye fagområde.
2. Revidert gjennomføringsplan, jf. SAK10 § 5-3.

A. Er ikkje arbeidet sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

*Dette løyvet og dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen*